

Bjørn Olav Utvik

# MED EUROPA SOM BARBARISK FOTNOTE

*Verdshistoria sett frå Kairo.*



**M**eir enn ein egyptar fødd tidleg på førtitalet ber det klingande namnet Muhammad Hitler. Og drar ein vestover langs den egyptiske Middelhavskysten frå Alexandria til Mersa Matruh kan ein bada på Rommel Beach og overnatta på Rommel House. Dette er språklege levningar av stemninga sommaren 1942 då feltmarskalk Rommel sto i ferd med å innta Alexandria, og hovedstaden Kairo var vitne til store demonstrasjoner til støtte for den tyske offensiven. Både i Irak og Syria stilte sentrale nasjonalistleiarar seg på tysk side. Det same gjorde palestininarane sin frontfigur Muftien av Jerusalem, som drog til Berlin i håp om å vinna støtte mot sionistane, men ikkje oppnådde anna enn å få løfta arabarane frå halvapar til nesten-ariarar i Hitlers rasehierarki.

Den dag i dag oppdagar ein raskt om ein diskuterer 2. verdskrig med egyptiske og andre arabiske intellektuelle at deira bilde av denne krigen er eit anna enn vårt. Det er slett ikkje så sjølvsagt kven som var heltar og kven som var skurkar.

Bakgrunnen for dette er neppe spesielt sterke nazistiske strømningar i arabarverda, verken den gong eller nå. Saka er at for svært mange arabarar var Hitler *fiendens fiende*. Fienden var Frankrike og England, men for egyptarane England først og sist: det England som i 1840 hadde knust Muhammad Alis forsøk på å skapa ein moderne industristat ved Nilen og som sidan 1882 hadde okkupert Egypt og nyttet det som bomullsplantasje for tekstilindustrien i Lancashire. Egypt hadde fått formelt sjølvstende

i 1923, men frå 1939 var landet på nytt fullt besett av britiske troppar.

Liknande historier av britisk og fransk undertrykking fanst i dei fleste arabiske land. I denne stoda var einkvar som opponerte mot London og Paris ei kjelde til oppmuntring og ein potensiell hjelpar. Hitler blei håpet som brast.

## FRYKT OG FORAKT


Dette handlar om nær historie, ja om samtid i den forstand at mange som aktivt tok del i hendingane under andre verdskrigene framleis lever.

Går vi i staden for 50 år 900 år tilbake finn vi igjen ei hending som fortonte seg nokså ulik ettersom ein såg på henne med arabiske eller vest-europeiske øye: *den frankiske invasjonen*.

15. juli 1099 storma hordar av vestlege barbarar Islams tredje heilagste by, Jerusalem, og slakta befolkninga ned for fote. I dei berørte delane av den islamske verda var sjokket voldsomt, (om enn blant dei lokale herskarane parra med ei viss undring over kvifor barbarane på død og liv ville ta denne økonomisk sett marginale byen, medan dei lot rike sentra som Aleppo og Damaskus i fred).

Dei framande vantru etablerte fleire statar langs den austlege Middelhavskysten, i gammalt muslimsk kjerneland. Det tok muslimske styrkar to hundre år å endeleg nedkjempa desse barbarstatane, sjølv om Jerusalem blei tatt tilbake av Salah al-Din, kjent i vest som Saladin, i 1187.

SAMTIDEN · 2/3 · 1997



*Universitetet i Kairo, Al-Azhar, lærestad frå 970 e.Kr.*

Det finst mange skrekkinngytande rapportar om barbaranes framferd under det vi kjenner som krosstoga. I 1098 spiste frankarane, som er det namnet dei arabiske kjeldene brukar på krossfararane, opp den vesle byen Ma'arra. Dei delte dei voksnar i bitar og kokte dei, medan småbarna blei grilla på spyd, noko samtidige europeiske kjelder stadfestar. Sidan hadde frankarane rykte i den muslimske verda som kannibalar. Sytti år seinare, i 1168, forsøkte Amalrik, konge i Det latinske kongedømmet Jerusalem, å ta Egypt. Dei leiande stormennna i hovudstaden Kairo hadde bestemt seg for å kapitulera då dei fekk nyheten om at frankarane uprovovert hadde utrydda heile befolkninga i Bilbays i Nil-deltaet – muslimar, kristne og jødar. Skrekken dreiv egyptarane til innbitt forsvar og Kairo blei aldri tatt.

Ifølge den samtidige arabiske historikaren Usama ibn Munqidh blei frankarane sett på som villdyr av alle som kjente dei. Dei var overlegne når det galdt mot og kampevne, men ikkje i noko anna. Dette sto for Usama som eit paradoks. Dei vestlege barbarane var svært ureinslege og syntre ingen teikn på sjølvrespekt, trass i at det var allment kjend at mot berre kunne komma av sjølvrespekt.

Frykta for frankarane var parra med forakt, og Usama fortel fleire episodar som set dei framande i eit lite flatterande lys:

*Herren av al-Munaytarah skrev til min onkel og bad ham om å sende en lege for å hjelpe noen av følgesvennene hans som var syke. Så han sendte ham en kristen lege (dvs. en arabisk kristen) som het Thabit. Han hadde knapt vært borte ti dager før han vendte tilbake. Vi sa til ham: «Så raskt du helbredet den syke!» Han svarte: «De førte fram for meg en ridder som hadde fått en byll på foten, og en kvinne som var blitt gal. Jeg foreskrev et omslag for ridderen, fikk hull på byllen og det ble bra. Jeg satte kvinnan på en diett med fuktig mat og korrigerte balansen i kroppen hennes. Så kom en frankisk doktor til dem og sa: «Denne fyren vet ingenting om medisin!» Han sa til ridderen: «Hva foretrekker du, å leve med én fot eller dø med to?»*

Han svarte: «Å leve med én fot.» Så gav legen beskjed om å hente ein sterk ridder og ein skarp øks. Jeg var til stede da det skjedde og så den frankiske legen bindemannens fot til en planke og si til ridderen: «Gi benet hans et hogg med øksen! Hogg det av!» Han rettet et øksehogg mot benet – mens jeg så på – men benet ble ikke alvorlig skadet, så han hogde en gang til. Blodet sprutret fra mannens ben. Han døde på flekken. Så så den frankiske legen på kvinnen. «Denne kvinnen har i sitt hode en demon som er blitt forelsket i henne. Barber hodet hennest!» De barberte hodet hennes og hun fortsatte å spise løk og sennep. Hun ble enda mer sinnssyk. «Djevelen har gått inn i hodet hennes,» forkynnte han. Så tok han opp en barberkniv og skar opp skallen hennes i form av et kors. Han brettet opp huden så skallebenet var synlig og begynte å gnai det med salt. Hun døde øyeblikkelig. Jeg spurte om de hadde bruk for meg mer og de sa nei. Så jeg vendte tilbake, og hadde lært mye av deres medisinske teknikker som jeg ikke hadde visst før.!

Elles fortel Usama også frå 1130-åra korleis frankarar som hadde budd ein generasjon i Palestina var blitt meir kulturelt raffinerte. Då Usama som diplomat var i Jerusalem og ba i den store al-Aqsa-moskeen som frankarane hadde gjort om til kyrkje, kom ein frankar bort og ville snu han med makt så han skulle be mot aust slik gode kristne gjorde og ikkje mot sør, mot Mekka. Men Usamas frankiske venner fekk rydda opp, og ba om orsak for mannen. Han skjøna ingenting, sa dei, han var nett komen frå Europa og trudde det berre fanst ein måte å be på.

#### EIN OVERLEGEN KULTUR

At positive og negative roller skiftar, at heltanane i krosstogsepoken sett frå sør aust heiter Salah al-Din og Baybars og ikkje Rikard Løvehjarte eller Ludvig den heilage er så like viktig å få med seg er det at frå arabisk side var krosstoga nok ei traumatiske hending, men likevel eit etter måten marginalt fenomen. Ingen av dei store økonomiske og

politiske sentra blei tatt (med unnatak av Antiochia, men den hadde ofte vore under bysantinsk kontroll). Då overdommaren i Damaskus i 1099 saman med muslimske flyktningar frå Jerusalem bana seg veg til kalifen i Bagdad, i teorien overhovudet for alle verdas muslimar, og forlangte handling mot frankarane, svarte kalifen med å setja ned ein komite for å sjå på saka. Sett frå perspektivet til den muslimske verda som heilskap var verknadene av krosstoga militært og økonomisk sett avgrensa, til dels også stimulerande for handelen, gjennom verksemda til italienske kjøpmenn som slo seg til i levantinske hamner som Acre, Tyr og Sidon.

Og den islamske verda på denne tida var i utgangspunktet ein sjølvtrygg sivilisasjon. Trass at dei lei nederlag militært for frankarane, mest grunna den interne splittinga mellom ulike småfyrstar i Levanten, så låg dei islamske landa utan tvil lenger framme i økonomisk og vitskapleg utvikling enn det samtidige Europa. Muslimane opplevde seg som tilhøyrande ein overlegen kultur, som berarar av Guds endelige bodskap til menneskeheten. På 600-talet hadde arabarane under Islams banner nedkjempa og underlagt seg det gamle persarriket i aust og store delar av det bysantinske riket i vest. Og sjølv om det framleis sat ein kristen keisar i Konstantinopel hadde dei tyrkiske *saljuqane* nett erobra størstedelen av Anatolia og opna det for Islam. Det såg ut som det berre var eit tidsspørsmål før også Konstantinopel kom under islamsk styre.

Sjølv om den islamske verda nådde ei enorm utstrekning og omfatta mange folkeslag opplevde muslimane at historia, slik ho blei nedskriven av deira lærde, hadde einskap i tid og rom. Som historia til den arabisk-islamske kulturen hadde ho eit klart utgangspunkt som ho falda seg ut frå: Mekka i 571, det året Profeten blei fødd. Og fram til Napoleon gjekk i land i Egypt i 1798, hadde Europa i denne historia berre ei rolle som randfenomen.

«Eg begynner med Irak, fordi det er verdas sentrum, jordas navle,» skriv den fyrste forfattaren av ei arabisk verdshistorie, Yaqubi (d.897).<sup>2</sup> Og Hamza al-Isfahani (d. etter 961) skreiv at jordas befolkning var delt mellom sju store nasjonar: Kina, India, Dei svartes land, berbarane, bysantinarane, tyrkarane og ariarane.<sup>3</sup> Sidan han var frå Isfahan i Iran plasserte han ariarane, eit anna namn på persarane, i sentrum, og han nemnde ikkje arabarane, kanskje fordi dette var i ei tid der den persiske kulturen var i ferd med på nytt å reisa hovudet etter den arabiske erobringa tre hundre år før. På 1000-talet rekna al-Andalusi opp ei liste på åtte nasjonar som kunne seiast å stå langt framme i teroretisk lærdom: indarar, persarar, kaldearar, hebreiarar, grekarar, bysantinarar, egyptarar og arabarar.<sup>4</sup>

Som vi ser er det frå Europa berre grekarane, som vel med like stor rett kunne reknast som eit Midtausten-folk, som er funne verdige til å nemnast.

Det vestlege og nordlege Europa var marginalt. Frå heile perioden fram til dei fyrste osmanske ambassadørane kom til Vest-Europa på 1600-talet kjennest berre *ei* personleg beretning av ein namngitt reisande frå den muslimske verda til det kristne Vest-Europa. Det dreier seg då om ein jøde frå Tortosa i *al-Andalus* (det muslimske Spania), som omkring 965 mellom anna vitja Irland, dit han kan ha vore send for å skaffa informasjon om heimlandet til dei vikingane som på denne tida frå tid til annan gjorde strandhogg i område som låg under kalifen i Córdoba.<sup>5</sup>

Nokre tiår før hadde ein viss Ibn Fadlan vitja skandinaviske vikingar i Russland i samband med ei diplomatisk sendeferd til kongen over Volga-bulgarane på vegne av kalifen al-Muqtadir i Bagdad. Han fortel om dei hygieniske tilhøva blant skandinavane:

*De kan selvsagt ikke unngå å vaske ansiktene og hodene hver dag, noe de gjør med det skitneste og mest forurensede vann som tenkes kan. Jeg skal*

forsklare det. Hver morgen kommer slavepiken med et stort kar med vann som hun rekker til ham som eier henne. Han vasker hendene og ansiktet og håret i vannet, så dypper han kammen i vannet og børster håret, renser nesen og spytter i karet. Det finnes ikke den urenslighet han ikke vil gjøre i dette vannet. Når han ikke trenger det mer, gir slavepiken karet til mannen ved siden av, og han går gjennom samme rutine som sin venn. Hun fortsetter å bære det fra den ene mannen til den neste helt til hun har rukket over alle i huset, og hver av dem har pusset nesen og spyttet, vasket ansiktet og håret i karet.<sup>6</sup>

#### EI ANNA HISTORIE

Under krosstoga og under dei kristnes gjenerebring av Den iberiske halvøya, Reconquistaen, blei dei vestlege barbarane sjølv sagt eit påtrengande faktum for mange muslimar. Men dette ser ikkje ut til å ha utløyst nokon trond til djuptgåande kunniskap om landa dei kom frå. Tvert om kan det sjå ut som heile den muslimske verda i aukande grad lukka seg om seg sjølv og at det intellektuelle livet meir og meir stivna i ein streng ortodoksi. Kanhende er ein del av forklaringa at den kulturelle arrogansen overfor «dei andre» etterkvart blei forsterka av ein defensiv respons på åtak utafrå, framfor alt etter at mongołane på 1200-talet la store delar av den austlege muslimske verda i grus.

Den største av alle klassiske arabiske historikarar, tunisaren Ibn Khaldun, som på trettenhundretalet, fem hundre år før Marx, analyserte samanhengar mellom økonomisk og politisk utvikling, viser liten kjennskap til utviklinga i nord:

*(Vi hører) nå at de filosofiske vitenskaper blir dyrket meget i Roms land og de tilstøtende nordlige kyster av landet til de europeiske kristne. Det sies at de blir studert på nytt og undervises i tallrike klasser. De systematiske framstillingar av dem som finnes sies å være omfattende, de som kjenner til dem mangfoldige, og de som studerer dem svært mange. Gud vet bedre hva som finnes der. «Han skaper hva han ønsker, og Hans er valget».*

Kva Ibn Khaldun tenkte om Europa veit vi ikkje. Men han valde å framstilla det som om det at kristne europearar kunne bli involvert i systematisk søken etter lærdom var så ufattelig at det måtte sjåast som eit teikn på Guds allmakt: Han kan utføra alt Han vil. Å på alvor inkludera frankarane heimland i den siviliserte verda var utenkelig, ikkje minst for Ibn Khaldun som slekta frå det *Andalus* dei kristne med brann og sverd var i ferd med å sletta frå kartet over den muslimske verda.

Som vi har illustrert: Frå Kairo eller Damaskus eller Bagdad eller Mekka såg og ser den nære og den fjernare verdshistoria annleis ut enn vi er vane til å sjå henne:

– Vi har sett korleis begivenheter som involverer både Europa og arabarane ser annleis ut sett frå andre sida.

– Eit minst like stort poeng er det at andre begivenheter er sentrale:

Europa har si historie om striden mellom pave og keisar, om inkvisjon og kjettarforfølgjingar, om oppdaginga av Amerika. Dette var ukjent i den muslimske verda, på det meste nådde svake ekko av desse hendingane muslimske øyre.

For muslimane var dei skjellsetjande hendingane slike som striden om lik rett for alle muslimar, som kulminerte i *abbasi*-revolusjonen i 750, då Islams hus for alvor tok steget frå arabisk erostrarrikkie til kosmopolitisk imperium. Det var Mu'tazila-striden på 800-talet då dei lovkyndige sto mot kalifen i ein kamp på liv og død om Koranen var skapt eller evig, ein strid der menneskets fridom til å tolka Guds ord på ein skjebnesvanger måte blei bunden opp til ideen om fyrstens uinnskrenka makt. Det var den århundrelange kampen mellom sunni- og shia-islam om dominansen i den muslimske verda, som berre blei avgjort endelig til sunnianes fordel då *fatimianes* shia-muslimske mótkalifat i Kairo fall i 1171.

Desse hendingane konstituerte ei anna historisk referanseramme for den muslimske verda enn den vi nyttar for å orientera oss i verda.

Den arabiske ekspansjonen på 600- og 700-talet slo opp dørene for kontakt frå Atlanterhavet til India og trass seinare politisk oppsplitting besto eit kulturelt fellesskap. Dette fellesskapet nært seg av arven frå Hellas og Persia, av indiske element og av arabiske tradisjonar. Men fromme muslimske handelsmenn og islamske lærde, *ulama*, vevde saman ei verd samla om historia som starta i Mekka, med dens heltar og skurkar, dens politiske erfaringar og moralske lærdommar, dens doktrinære og dynastiske strider.

*Historia-som-referanse* er sett frå Midtausten nær totalt annleis fram til år 1800 enn slik vi kjenner henne. Poenget er då ikkje berre dei observerbare, analyserbare, skilnadene mellom dette områdets historie og Europas: økonomisk, sosialt og på andre vis – ikkje berre at historia er *annleis*, men at det er *ei anna historie*. Sjølv sagt er det også slik at Danmarks historie er ulik Norges og Haugesunds historie ulik Stavangers, og det skal ein ikkje oversjå som bakgrunn

for korleis folk frå desse stadene tenker og handlar. Likevel er desse lokale historiene bitar av same *storforteljing*, enten denne storforteljinga er Norgeshistoria eller det vi tradisjonelt har lært på skulen som «verds-historie», dvs. Vest-Europas historie. I forholdet mellom arabarverda og Europa er det snakk om at sjølve storforteljinga er ulik. For folk i Midtausten har historia som ramme for tenking, som reservoar for meiningsberande referansar opp gjennom tiden, vore ei anna enn vår. Ein har hatt eit anna mytisk landskap å plassera seg sjølv og motstandarane i, eit anna vokabular for å beteikna godt og vondt, retteferd og undertrykking. Her er det ingen bjeller som ringer ved ord som *demokrati* eller *republikk*, eller ved årstal som 1789 eller 1814, men det gir umiddelbar gjenklang når ein døyper politiske rørsler *muwahhidin* eller *mujahidin*, når ein krev *Sharia* og *shura* innført i statsaker, eller appellerer til heltemotet frå Qadisiyya eller Ayn Jalut.<sup>8</sup>



«Konfrontasjonen med det moderne vesten, frå Napoleon Bonapartes soldatar steig i land ved Alexandria i 1798 og til i dag, har skapt si eiga mytiske verd full av heltar, skurkar, sigrar og nederlag, mest det siste.»

I vår tid er sjølvsgått bildet meir komplisert. Med den europeiske dominansen frå 1800-talet kom eit medvite strev etter å tildeigna seg europeisk lærdom. Dette galdt innafor vitskap og teknologi, men med på lasset kom også heile den vestlege verds- og historieoppfatninga. Som eit resultat fekk ein etterkvart eit sjikt av arabiske intellektuelle som var skulert i Europas historie, gjerne betre enn mange vestlege intellektuelle, og betre enn dei var i si eiga historie. Faktisk gjekk det såpass langt at den eigne historia til tider i stor mon blei studert gjennom omsette europeiske verk. Framleis er det arabiske forfattarar skriv om si eiga historie spekka med sitat frå og henvisningar til europeiske orientalistar som Bernard Lewis, W. Montgomery Watt og Maxime Rodinson. Til og med når det gjeld historia til den største og eldste islamistrørsla i Midtausten, Dei muslimske brørne, er standardverket også for arabiske historikarar ei bok av amerikanaren Richard Mitchell frå 1969.

Dei moderne elitane har så i stor grad henta inspirasjon til sine politiske ideologiar frå europeiske forbilde som ga mening med referanse til europeisk historie. Og det galdt enten dei kalla seg nasjonalistar, liberalistar eller sosialistar.

Dette er ein viktig del av bakgrunnen for å forstå dagens islamistiske oppsving, framveksten av rørsler som på nytt vil gje ra Islam, og *Sharia*, den islamske loven, til rettesnor for alle sider av samfunnslivet: politisk, kulturelt og økonomisk. *Samfunnet av muslimske brør* blei danna av skulelæraren Hasan al-Banna i Egypt i 1928, og vaks til ei millionrørsle på førti- og femtitallet. Etter beinhard undertrykking under den arabiske nasjonalismens storhetstid, har dei siste tiåra sett Muslimbrørne og andre islamistrørsler veksa til ei folkeleg flodbølge over mest heile den islamske verda, der dei framfor alt organiserer dei store kulla av studentar og elevar frå tradisjonelle lag av folket som tidlegare har stått utanfor moderne utdanning.

Sentralt i islamismen står eit forsøk på å

rehabilitera den heimlege *historia-som-referanse*, og setja den i staden for den vestlege. Berre med utgangspunkt i å kjenna sine eigne røter og sine eigne erfaringar kan ein finna ein farbar veg inn i den moderne verda, hevdar islamistane. Denne heimlege historia er uløyseleg knytt til Islam, den er historia om Islams utfalding i verda. Og parallelt med utviklinga av eit sekularisert utdanningsverk etter europeisk modell har det gått ein ubroten tradisjon av islamsk lærdom, halde oppe av *ulama* utdanna ved tusenårig gamle lærestader som al-Azhar i Kairo, Zaytuna i Tunis eller det irakiske Najaf.

#### SETT FRÅ KAIRO

Bildet av historia er også endra i dag fordi konfrontasjonen med det moderne vesten, frå Napoleon Bonapartes soldatar steig i land ved Alexandria i 1798 og til i dag, har skapt si eiga mytiske verd full av heltar, skurkar, sigrar og nederlag, mest det siste. Slik kan vi seia at historia om det 20. hundreåret tar seg annleis ut sett frå Kairo av tre grunnar:

For det første er det dette at egyptarar og andre folk i Midtausten er annleis plasert i høve til viktige hendingar. Hitler såg annleis ut for eit folk som var dominert og undertrykt av britane, og hadde vore det i over 60 år, enn han gjorde sett frå Oslo eller Warszawa. Synet på Sovjetunionen er eit anna døme. Landets supermarktposisjon skapte eit visst rom for uavhengig handling, gjennom å vera ei motvekt til USA og vestmaktene. Dette blei sett pris på i Kairo også av dei som på det sterkeste fordømte den ateistiske kommunismen.

For det andre blir hendingane i vårt århundre tolka gjennom eit prisme som er forma av erfaringane frå forrige århundre, då vesten etablerte si makt over den muslimske verda. Det internasjonale pengefondet sin aukande kontroll over forgjelda økonomiar i Midtausten og elles i sør, blir sett som ein repetisjon av gjeldsslaveriet som Egypt, Tunisia og sjølve Det osmanske riket havna i

mot slutten av forrige hundreår. IMFs makt bringer fram det audmijkande minnet om *Caisse de la Dette Publique*, det organet europeiske kreditornasjonar sette opp for å styra den egyptiske økonomien slik at gjelda blei betalt. Israel, med sitt dominerande innslag av europeiskætta jødar, blir sett på som ein settlarkoloni på line med den franskmenne etablerte i Algerie, og som ein spydspiss for vestleg imperialisme. Og den som står opp mot vestmaktene blir helt over natta, nesten same kva han elles har for merittar. Det galdt Nasser då han i 1956 nasjonaliserte Suez-kanalen, og sto fast trass militær intervension frå Storbritannia, Frankrike og Israel, og det galdt Saddam Husayn under Golf-krisa i 1990-91.

For det tredje blir det som skjer i vår tid sett inn i ei forståingsramme forma av den islamske verdas eiga «verdshistorie», av dei linene i Midtaustens historie som strekk seg tilbake til klassisk islamsk tid. Dette skjer umedvite, men i også i aukande grad aktivt og medvite. Mange såg t.d. den endelige britiske og franske koloniseringa av Midtausten etter 1.verdskrigen som eit resultat av ein moralisk dekadens, som kom til uttrykk i svekkinga av kalifat-institusjonen. Sidan 1500-talet var det den osmanske sultanen i Istanbul som hadde gjort krav på tittelen som kalif, overhovud for alle verdas muslimar. Men med Det osmanske rikets oppløysing i 1918 avsette det nye Tyrkias president Mustafa Kemal Atatürk den siste kalifen i 1924. I mange år etter var det stor aktivitet blant politisk aktive muslimar for å søka å gjenopprettet kalifatet. Berre slik kunne den muslimske verda samla styrke på ny, meinte ein, og viste til korleis den klassiske muslimske verda gjekk i politisk oppløysing etter at kalifen hadde mista si reelle makt på 900-talet.

Mange har villa se i Israels suksess eit prov på at den som held seg til religionen vinn fram,<sup>9</sup> igjen med referanse til Islams gullalder. Ikkje minst viktig er den forskjellen i høve til Europa som ligg i oppfatninga av religionen og dei religiøse leiarane si rolle

i historia. I det moderne Europa har mange sett på kyrkja og religionen som ei undertrykkande makt, og revolusjonære rørsler frå 1789 til 1917 har vend seg mot prestanes makt og forsøkt å bryta banda mellom religion og statsstyring. Men i Midtausten meiner mange å lesa ut av Islams historie at dei lærde, *ulama*, har forsvarat folk flest mot vilkårlege overgrep frå statsmakta gjennom å halda fram Guds evige lov, *Sharia*, som norm. Og dei meiner å sjå at når folk og styrresmakter har stått saman i forsvar av trua, så har muslimane vunne framgang. På denne bakgrunn tolker dei den underlegne posisjonen muslimske land i dag har i verdssamfunnet og det økonomiske elendet og den politiske undertrykkinga på heimebane, som ei følge av at religionen og *ulama* har blitt pressa ut i utkanten av samfunnslivet. Og stadig fleire ser vegen ut av krisa i på nytt å venda tilbake til islam som rettesnor på alle plan.

Sterkt forenkla kan ein kanskje knyta desse tre aspekta ved historia sett frå Kairo til ulike politisk-intellektuelle straumdrag i det egyptiske samfunnet. Medan islamistane fokuserer på dei lange linene tilbake til tidleg islamsk tid, så er ulike avskygningar av egyptiske og arabiske nasjonalistar sterkest opptatt av historiske lærdommar frå kampen mot vestleg kolonialisme. Og kanskje kunne ein seia at pro-vestlege sekularistar helst vil sjå hendingane upåvirka av det dei oppfattar som spøkelser frå fortida. Likevel er også deira perspektiv uvegerleg eit anna enn vestens.

Men her kan vi i høgda snakka om ulik vektlegging. I røynda er sjølv sagt dei tre perspektiva overlappande. Og ikkje minst må vi ha klart at islamistane sin måte å tolka og anvenda den islamske historia på slett ikkje er den einaste. Faktum er at den relative suksessen islamistane har hatt dei siste tiåra med å tvinga samfunnsdebatten inn på «islamske premiss», har pressa andre ideologiske retninger til å ta opp hansken, til å søka legitimering for sine standpunkt i islamsk tradisjon og historie. Slik har islamistane, kanhende paradoksalt, bidratt til

eit aukande mangfold når det gjeld korleis Guds bodskap til menneska skal tolkast. I dagens stode vil ein finna sekularistar som argumenterer ut frå Koranen og Profetens førebilde for eit skarpt skilje mellom religion og stat, og liberale intellektuelle som i den intellektuelle blomstringa i kalifens Bagdad ser eit ideal, og meiner det sanne islam er det som opnar opp sinna for vitskapleg forsking og spekulasjon på alle livets område. Og gjennom det heile kan skimtast ei meir sjølvmedviten haldning overfor utanverda, til dømes uttrykt gjennom filosofen Hasan Hanafi, som erklærer at det er på tide å snu opp ned på tilhøvet mellom forskar og studieobjekt. Nå er det på tide at *vi muslimar* gjer vesten til emne for forsking, seier Hanafi og lanserer *oksdentalismen*, vitskapen om vesten, som motsvar til orientalismen som har blitt dosert ved vestlege universitet dei siste hundre åra.

#### FORFALL OG NEDERLAG

Kva som vil bli utkommet av den nye fokuseringa på eiga historie og intellektuelle tradisjonar i den arabiske og muslimske verda, er eit av dei store spørsmåla for det nye hundreåret vi går inn i etter kristen tidsrekning. Sikkert er det at kunnskapen om ei fortid då den islamske verda blomstra og dominerte kulturelt, økonomisk og politisk held fram å nöra fortvilinga over dagens tilstand, og håpet om ein renessanse. Og der radikal nasjonalisme og oljeinntekter i fantasiklassen har svikta i å innfri dette håpet, er det for svært mange av dei som lever i Egypt og i den vidare islamske verda dei islamistiske rørslene som ber draumen inn i det 21. århundre.

Fleire faktorar gjer konflikten mellom den heimlege *historia-som-referanse* og den importerte særskilt bitter i dagens arabiske og islamske verd.

Eit land som Egypt har ei svært lang historie som sivilisasjon heilt i forkant av den økonomiske, kulturelle og vitskaplege utviklinga i verda: Farao-tida, Alexandrias

blomstring i gresk-romersk tid, det islamiske Kairo frå 900-talet til 1400-talet – kanskje den mest strålende byen i den vestlege delen av den gamle verda.

Men stoda i dag er deprimerande, eigen fattigdom og maktløyse står i grell kontrast til vestens rikdom og makt.

Altså ser historia også svært ulik ut i høve til Europa på denne måten: medan vi les historia frå vinnarsida, som ein gradvis progresjon mot større velstand og meir demokratiske styreformer<sup>10</sup>, så ser ho frå Egypt ut til å vera ei historie om ei lang blomstring som så har endt i lange århundre av forfall og nederlag. Og det dreier seg om eit nederlag for det den klassiske muslimske verda såg som tilbakeståande barbarar.

På sett og vis gjer dette historia berre viktigare. Fordi ein ikkje eig nåtida, men føler seg marginalisert i verdssamfunnet, er fortida kjelda til stolthet, det er der ein finn heltane. Samstundes blir historia om korleis vesten etablerte sin dominans ei kjelde til å nöra forbannelsen over status quo og viljen til å endra det.

I motsetnad til i førmoderne tid har alle utdanna arabarar i dag ei visst kjennskap til verda slik ho ser ut frå Vesten. Men kampen om kva for historievisejon som skal ha hegemoni, blir for mange ein del av kampen om kven som skal ha hegemoni i røyndomen.

#### KONSEKVENSAR

Kva konsekvensar har alt dette for oss i Norge?

Ettersom vår vestlege «verdshistorie» berre er ei av fleire, burde vi raskt kunna bli samde om at den historieoppfatninga, vitskapen, politiske teorien, som har grodd fram innafor vår historie må bera merke av sin eigen grogrunn og ikkje kan ha noko eintydig krav på universalitet.

For det fyrste burde denne innsikten stemma oss til ein viss audmijkhet: å ikkje i møte med ein islamist tenkja at ho ser verda gjennom briller forma av nedarva ideolo-

gisk tankegods, medan vi analyserer vit-skapleg. I staden burde vi prøva å få klart for oss kva våre briller består i, og i kva grad dei er bestemt av at vi uhjelpeleg står i ein historisk tradisjon som både vi og ideane våre om historia og om rett og gale er forma av. Å gjera oss medvitne om dei føringane denne tradisjonen har utstyrt oss med vil gjera det lettare å nærma seg studiet av ein annan kultur med openhet.

For det andre: i den grad vi har som målsetjing å forstå kva som skjer i Midtausten må vi læra oss språket. I bokstavleg forstand gjeld det forskarar, som i staden for å koka suppe på dei få som har lese originalkjelder, sjølvé må søka direkte tilgang til dei. I vidare samanheng gjeld det at dei som vil forstå med sikte på å formidla det som skjer i Midtausten, og bakrunnen for det, må søka å læra seg språket i meir overført tyding, som eit system av symbol og referansar. Det vil seia at ein må skaffa seg tilstrekkeleg kunnskap om islamsk og arabisk historie til å kunna gå bak ytringsformer og sjå kva handlingar og utsagn eigentleg uttrykker, t.d. kva islamistane sin retorikk verkeleg seier.

For om referansane er frå fortida, er det alltid her og nå det handlar om. Om vi tar krosstoga som døme: i blant kan ein lesa i vestlege avisar at krosstoga for arabarane er eit levande minne i dag. I så fall har det vore eit ganske slumrande minne i lang tid. Saka er at det er dagens konflikt med vesten som aktualiserer krossfararane som symbol – ein sterk negativ referanse, men også ein som minner om at vesten går det an å vinna over.

Når massane ropar *Allahu akbar* – Gud er stor, handlar det om eit forsøk på å samla styrke til å mælda seg på som fullverdige deltagarar i den moderne verda. Når folk gror skjegg slik Profeten gjorde, er det symbol på at Islam som på Muhammads tid igjen skal bli vinnarlaget. Vi, som feira vår inntreden i dei frie nasjonanes rekke i 1905 ved sym-

bolsk å mana til live ei kongerekke som hadde vore daud i seks hundre år, burde kanhende ikkje ha så vondt for å forstå dette med symbolske appellar til ein svunnen gullalder?

Og: like lite som Haakon VII eller dei som innsette han ville eller kunne skru tida tilbake til Haakon V eller VI si tid, like lite betyr revalueringa av den islamske arven eit skritt tilbake til sekshundretalet.

#### NOTER

- 1 James Edward Montgomery: «Islamisk syn på Europa i middelalderen», i Lars Martin Fosse (red.): *Gobelins Europa. Søkelys på europeisk kultur*, Cypress forlag, Oslo 1995, s. 258.
- 2 Tarif Khalidi: *Arabic Historical Thought in the Classical Period*, Cambridge University Press, 1994, s.116.
- 3 Ibid., s.117.
- 4 Ibid., s.165.
- 5 Montgomery, op.cit., s. 252.
- 6 Ibid., s. 256.
- 7 Ibid., s. 267.
- 8 MUWAHHIDIN, «dei som erklarer at Gud er ein». Gjennom islams historie er dette namnet nytta av mange rørsler som ville reinska islam for helgedyrkning og andre avvik frå streng monoteisme. Dei mest kjende er ALMOHADANE som styrte Maghreb og det muslimske Spania i det 12. og 13. hundreåret, og WAHHABI-rørsla som grunnla dagens Saudi-Arabia.
- 9 MUJAHDIDIN, «heilage krigarar», eigtl. «dei som kjempar for Guds sak», kanskje mest kjend frå den afghanske motstandsørsla mot sovjetisk okkupasjon, men også namnet på ei av dei viktigste opposisjonørslene mot regimet i Iran.
- 10 SHARIA, den islamske loven bygd på Koranen og på Profetens føredøme, Sunnaen.
- 11 SHURA, rådslagning, med basis i Koranen og Sunnaen hevda som eit sentralt styringsprinsipp i islamsk politisk teori.
- 12 QADISIYYA ligg i Irak, her sto i 637 eit avgjande slag som opna det persiske riket for dei framrykkande muslimske styrkane.
- 13 AYN JALUT ligg i Palestina, her slo muslimske mamluktroppar frå Egypt ein mongolsk hær i 1260, og berga den vestlege muslimske verda frå mongolstyret.
- 14 Trass i at Israels leiarar for det meste har vore sekulariserte jødar.
- 15 Uansett dagens tilløp til mal-de-siècle-stemningar og uansett ulike samfunnskritiske ideologiar, trur eg dette er eit dominante bilde.